



Jeanette Gretland Guddal er nyvald leiar for Uskedalen Utvikling. Kjem ho også inn i kommunestyret? (Foto: Ola Matti Mathisen)

### Kan det bli fire uskedelingar i kommunestyret frå hausten?

Tre av dei 37 kandidatane frå vår bygd som står på val-listene i år kan rekna med å bli innvalde i kommunestyret ettersom dei alle er kumulert på andreplassen av sine parti.

Det er Tove Lill Lakselv (FrP), Jostein Grov (SV) og Gunn Mari Moberg (H).

Men også fleire av dei andre 37 kandidatane frå Uskedalen kan sjølvsagt rykka opp og koma inn. Ei av dei er Jeannette Gretland Guddal, som står på fjerdeplassen på Høgrelista – altså som nummer to av dei ukumulerte.

Norfakta Markedsanalyse har laga ei meningsmåling for Kvinnheringen og utifrå denne vil Høgre nemlig få fire av dei 35 i kommunestyret. Og basert på denne målinga vil Jeanette altså koma inn.